



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Hilde Skogli, 55 57 23 63

Vår dato
09.03.2015
Deres dato
08.01.2015

Vår referanse
2014/15434 423.1
Deres referanse
14/1864

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Lindås kommune - gnr 190 bnr 2 - Grøttveit – avvising av klage

Vi viser til oversending frå Lindås kommune, mottatt her den 08.01.2015.

Vedtak:

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt vedtak av 20.11.2014, avvising av klage.

Bakgrunn for saka

Den 19.03.2014 fatta Lindås kommune v/ teknisk etat vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå tekniske krav til avkjørsel etter veglova.

Vedtaket vart påklaga av advokat Dag Nødtvedt på vegne av tiltakshavar ved brev datert 10.04.2014. Klaga vart handsama av klagenemnda i Lindås kommune den 23.06.2014. Kommunen fann ikkje grunnlag for til å ta klaga til følgje, og vedtak av 19.03.2014 vart oppretthaldt.

Klagenemnda sitt vedtak vart påklaga av advokat Dag Nødtvedt ved brev datert 16.07.2014.

Den 20.11.2014 fatta kommunen vedtak om å avvise klagen av 16.07.2014.

Avvisingsvedtaket vart påklaga av advokat Nødtvedt ved brev datert 11.12.2014. I klaga vert det mellom anna gjort gjeldande at kommunen i strid med søkjaren sine ønskjer har valt å sende saka til handsaming i klagenemnda. Søkjar har aldri bedt om handsaming i nemnda, og fagetaten si oversending av saksforholdet dit oppfattast som ein teknikk for å hindre reell klagehandsaming og vidare oversending til Fylkesmannen. Vidare skriv klagar at kommunen her utøver myndigheitsmisbruk og fratar sækjar den lovfesta klageretten over søknadsavslaget. Det bes om at avvisinga av 20.11.2014 vert oppheva som ugyldig, i likskap med vedtak av 24.06.2014 frå klagenemnda. Vi viser til klaga i si heilskap.

Kommunen har vurdert klaga, men ikkje funnet grunnlag for å ta den til følgje. Saka vart etter dette sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Om saka si bakgrunn elles viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningsloven (fvl) § 17.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova (fvl) gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan prøve alle sider av saka, og anten stadfeste, omgjere eller oppheve kommunen sitt vedtak jf. fvl § 34.

Spørsmålet blir kva organ som er rett klageinstans for avslag på søknad om etablering av ny avkjørsel.

I denne saka gjeld det avkjørsel til kommunal veg. Det går fram av veglova § 9 at kommunen er vegstyremakt for kommunale vegar. Det er derfor kommunen som er vegstyremakt. Fylkesmannen er ikkje klageinstans i sakar som gjeld kommunal veg, men i avkjørselsaker for riksveger, jf. vegloven § 11. Då det i denne saka gjeld avkjørsel til kommunal veg, har derfor ikkje Fylkesmannen kompetanse til å overprøve kommunen sitt vedtak.

Kommunen sitt vedtak av 19.03.2014 om avslag på søknad om dispensasjon frå tekniske krav til avkjørsel er heimla i veglova. Det følgjer av veglova § 11 første ledd at forvaltningslova gjeld for forvaltningsavgjerder etter veglova.

Den særskilte klagenemnda i Lindås kommune er oppnemnd av kommunestyret i samsvar med fvl § 28 andre ledd, og har på vegne av kommunestyret mandat til å avgjere klagesaker.

Vedtak som klagenemnda gjer i klagesaka kan ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd. Det går fram av fvl § 33 andre ledd at «*[d]ersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken..*». Når det aktuelle vedtaket ikkje kunne klagast på, er ikkje vilkåra for å handsame klaga til stades. Klaga må på bakgrunn av dette avvisast, jf. fvl § 33 andre ledd.

Etter dette stadfestar Fylkesmannen kommunen sitt avvisingsvedtak av 20.11.2014. Klaga vert ikkje teken til følge.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. fvl § 28 tredje ledd

For ordens skuld vil Fylkesmannen peike på at kommunen og skriv at dei oppfattar klageskrivet til å alternativt vere ei oppmoding om omgjering av klagenemnda sitt vedtak. Oppmodinga vil bli handsama i ein eigen sak og oversendt klagenemnda som rett adressat.

Med hilsen

Karen Elin Bakke, e.f.
seniorrådgjevar

Hilde Skogli
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Advokat Dag Nødtvedt	Lille Markevei 18	5005	BERGEN
Trond Grøttveit	Sjosidevegen 128	5914	ISDALSTØ

